

## Vellukka studietur til Odda og Tyssedal.

15.06.2017



Den eine elevgruppa like etter ankomst til Tyssedal.

Rundt 70 av elevane ved Vaksenopplæringa i Kvinnherad, 6 av dei frå Uskedalen, var torsdag på studietur til Odda og Tyssedal. Elevane var delt i to grupper der den eine starta med opplegget i Tyssedal medan den andre hadde første økt i Odda. Etter felles pause med lunsj og litt shopping i Odda, bytta gruppene opplegg på siste del av dagen.



Dyktig guide og interesserte elevar.

Reisa gjekk i to bussar, og berre det var ei oppleving. Fleire av elevane hadde sett svært lite av den vakre kommunen vår på førehand. Dei viste begeistring for mykje, men kanskje var det Furebergsfossen som fekk

aller mest oppmerksomhet så der måtte vi ha ein kort stopp på heimveg. Der vart jammen teke mange fine bilde!!

I Tyssedal besøkte vi Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Her fekk vi god kjennskap til både starten på vasskraftutbygginga og historia om då industrien kom til Tyssedal og Odda. Dette vart formidla gjennom både film og omvisning i kraftstasjonen.med ein dyktig guide. Det var tydeleg at dette fengde storparten av elevane for interessa var stor.

Kraftstasjonen har som kjent også vorte brukt til konsertar det siste åra. At den kan fungera godt til det, fekk vi ein smakebit på då elevar og lærarar stemde i med 'Sommer kommer'. Då ljoma det godt, og det hjelpte! Småregnet tidleg på dagen gjekk over til sol og herleg temperatur.



Mohamed frå Steinsletto og Mowlid frå Beinavikjo studerte Odda Tidend frå 1912 og fann fort endringar i det norske språket.

I Odda stod historisk byvandring på programmet. Først var vi innom Ragde-tunet, og i tillegg til det vi såg av bygg og høyrde guiden fortelja, fekk vi oppleva både demonstrasjon på treskurd og krotakakebakst der to bakstekoner stod for baking og kjevling og ein mann sytte for at dei vart fint steikte. Vidare gjekk turen til det gamle smelteverket før vi besøkte arbeidarleilighetene like ved. Der var vi innom 4 leiligheter frå ulike tider,- 1910, 1920, 1930 og 1950. Svært interessant!

Det var ein svært vellukka og lærerik skuledag. Vi har tidlegare erfart at elevane ved vaksenopplæringa er svært interessert i å læra om historia til det nye heimlandet sitt. Museumsbesøk er eit fint middel til det. Det er alltid vellukka med dei positive og læringshungrige elevane.



Nasra, Rahma, Naimo og Habiba er alle frå Somalia, men no bur to i Uskedalen og to på Husnes.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland